

Søknad om midlar til start av ny fagskuleklasse etter Stordmodellen

For verksemdene

Trond Haga

Kværner Stord

Tilsegningsnr.

Bakgrunn


Industrien i Sunnhordland, ved industrilokomotiva Advantec, Apply Leirvik, Kværner Stord og Wärtsila, initierte i 2011 oppstart av teknisk opplæring på Stord. Dette skulle saman med etableringa av ei ingeniørutdanning basert på teknisk opplæringa utgjera eit utdanningsløp frå fagmann til praktisk ingeniør.

Det lokale utdanningssystemet - Stordmodellen

Dette systemet består av:

- Fagutdanning til fagbrev
- Teknisk fagskule med elektro/automasjon og maskinteknisk line
- Ingeniørutdanning (BSc) i dei same faga
- Ingeniørutdanning (MSc) i dei same faga

Verksemdene i regionen har alltid vore betydelege aktørar når det gjeld utdanning av fagarbeidarar via lærlingordninga. Hensikta er å etablera eit praktisk utdanningsløp lokalt som gjer det mogleg for fagarbeidarane å vidareutdanna seg til teknisk, ingeniør og sivilingeniør. Nettopp koplinga mellom praktisk og teoretisk arbeid og vekslinga mellom arbeid i verksemd og utdanning gjer modellen vår spesielt tilpassa vidareutdanning av personell. Den kan illustrerast slik;




Ambisjonen til dei fire verksemdene som tok initiativ til etableringa av det tekniske utdanningsløpet, var å få på plass ordinære utdanningar i Sunnhordland som eit tilbod til heile Sunnhordlands-industrien. Verksemdene er opptatt av å ha eit tett samarbeid med utdanningsinstitusjonane om desse utdanningane, men dei ønskjer at det er skulane som eig utdanningane og at plassane på utdanningane deira blir lyst ut på vanleg måte i studiekatalogane med studiestad Stord/Sunnhordland.

Det er ein ambisjon å få i gong ei ingeniørutdanning i løpet av 2015 (BSc). Oppstart var planlagt tidlegare, men ikkje alle studentane frå fagskulen vil gå vidare frå dette studiet til to nye år på ingeniørhøgskulen. Difor har me måtte venta på at minst to kull er uteksaminert frå fagskulen før me sett i gang kull på høgskulenivå.

Organisering av studiet


Studia på fagskulen og høgskulen blir gjennomført slik at studentane kan halda fram å jobbe i verksemdene samtidig som dei er studentar. Studia vert likevel gjennomført på normert tid. Det er gjort mogleg ved at studentane vert sett inn i ei rotasjonsordning der dei jobbar to veker i verksemdene for så å få undervisning i ei heil veke. I dei vekene studentane jobbar vert dei fulgt tett opp av skulen gjennom nettundervisning. Dette kan illustrerast på følgjande måte;

Etablera rotasjonsordning



Tilbodet til studentane

Det er og for å gjera det mogleg for etablerte familiefolk å delta på vidareutdanningstilbodet at studiet er lagt opp som skildra over. For ytterlegare å støtta opp under kandidatane får dei og ei direkte støtte frå verksemdene. Dei er gjennom det arbeidet dei utførar sikra ei inntekt på 66 % av ordinær lønn. I tillegg tek dei imot eit tilskot frå verksemdene på 14 % av ordinær lønn slik at dei samla tek imot 80 % lønn under studiet. Dette er ei ordning alle verksemdene som er med har akseptert å nytta. Den enkelte student sin økonomiske situasjon kan illustrerast slik;



Kull 1, 2 og 3

Sidan 2011 har det blitt starta i alt tre fagskulekull på Stord fordelt på to liner; maskinteknisk og automasjon.

Studentar per kull	Maskinteknisk	Automasjon	Totalt startet	Totalt per dags dato
2012-2013	17	18	35	28
2013-2014	24	14	38	31
2014-2015	21	0	21	21
Totalt	62	32	94	80

Tabell 1 – tal studentar fordelt på line på fagskuleutdanning på Stord

Sjølv om det var industrilokomotiva som initierte utdanninga er det ikkje berre studentar frå desse verksemdene som har vorte rekruttert til skuletilbodet.

Studentar per verksemd	KST	AL	W	Adv	SKL	ABB	HF	HMR	LOS	Nor	Sør	And	Tot
2012-2013	15	7	12	1	-	-	-	-	-	-	-	-	35
2013-2014	18	4	3	1	1	1	1	1	4	1	3	-	38
2014-2015	16	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3	21
Totalt tal på studentar	49	13	15	2	1	1	1	1	4	1	3	-	94

Tabell 2 – tal studentar frå ulike verksemdar i Sunnhordland (KST – Kværner Stord, AL – Apply Leirvik, W – Wärtsila, Adv – Advantec, SKL – Sunnhordland Kraftlag, ABB – Asea and Brown Boveri, HF – Helse Fonna, HMR – Husnes mek og rør, LOS – LOS Elektro, Nor – Noreq, Sør – Sør-Norge Aluminium)

Det første kullet vart uteksaminert i januar 2014 etter to års skulegong. Det neste kullet vil vera ferdige til nyttår 2014/2015. I begge dei første kulla vart det rekruttert studentar på begge linene. Det siste kullet vart det berre rekruttert til maskinteknisk line. Dette vart gjort på basis av behovet i verksemdene.

Som det går fram av tala over har det eller vil det bli uteksaminert eit betydeleg tal på teknikarar frå denne utdanninga. Behovet for teknisk kompetanse i verksemdene er stort og dette tiltaket bidreg i stor grad til å avhjelpa situasjonen.

Gode samarbeidspartnarar

Utan gode samarbeidspartnarar hadde det vore vanskeleg for industrien å få på plass eit slikt tilbod. Det handlar om å få på plass eit fagmessig godt tilbod og driva det, og om å få på plass det naudsynte rammeverket.

Bergen tekniske fagskule (BTF)

BTF har vore med på dette prosjektet heil frå planfasen. Det å ha med ein røynd partnar med kompetanse og styrke nok til å driva tilbodet har vore heilt avgjerande. BTF har vist at dei evner å driva eit slikt tilbod, tett på og i samarbeid med industrien, på ein god måte.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har og vore ein aktiv partnar for å få på plass utdanningstilbodet. Tilbodet er regionalt og Samarbeidsrådet har aktivt arbeid for å få tilbodet etablert i regionen, for å få det finansiert, for å rapportera framdrift og for å selja tilbodet rundt i regionen.

Nytt kull

Industriverksemdene ser at behovet for fleire teknikarar og ingeniørar framleis er til stades og ønskjer difor å setja i gong ein ny klasse frå årsskiftet 2014/2015. Denne gongen og ønskjer me å prioritera ei line opptaket, no med ein automasjons- og elektroklasse.

Kostnad/ Finansiering

Kostnaden med eit nytt kull er kr. 4 000 000

Finansiering

Kompensasjonsmidlar kr. 1 300 000

Tilskot fylket kr. 2 700 000

Verksemdene vil på si side bidra med tilskot til studentar og med lærarar.